



Sak nr 21/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S657

S657, Kvålsstølen – søknad om nytt sel

Bjarne Bergheim søker om å få føre opp nytt sel på ca 110 m². Det gamle selet vart rive sist haust og var på 125 m². På stølen er det i tillegg eit eldre sel på 53 m². Dette er det feste på og knytt til garden. Søkjaren ynskjer å rive selet og få sletta festet.

Selet er større enn det som det normalt brukar å bli gjeve løyve til. Det har likevel vore praksis både for hytter og sel at ein har fått løyve til å føre opp inntil same areal som tidlegare. Det nye selet vil ha eit klart mindre areal enn det som er der i dag.

Søkjaren har begynt å dyrke opp jorda med tanke på å få stølen i drift att. Dette har vorte utsett pga av dei problem som har oppstått ved at tidlegare eigar held at eitt av husa ved overdraging. Dette problemet er no løyst og søkjaren vil halde fram med å få stølen i bruk att. Etter kommentar til § 11 skal søknaden då behandlast etter § 10 for stølar i bruk: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog skriv i brev datert 14.6.12 at ein reknar riving og nybygging av sel som vedlikehald, men at storleiken på nybygget synes noko stort ut frå storleiken på det opphavlege selet. Ut over det har Statskog ingen merknader.

Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten har i e-post datert 20.6.12 gjeve slik vurdering: *Stølsbygningar har som regel vært små bygningar som har passet godt inn i landskapet. Slike bygningar bør ha rektangulær form og ikke vinkelformet grunnplan, da dette bryter sterkt med lokal tradisjon. (Mindre utstikk (nesesval) for inngang er det tradisjon for.)*

Vi vurderer omsøkte bygning til å ha en uheldig utforming for stølsområde, og vil anmode om at det ikke bygges i vinkel, men i lengden, i henhold til lokal byggeskikk. Vi vil også anmode om at det ikke settes inn vindusbånd, da det heller ikke er tradisjon for dette i stølsområder.

Eksisterande og rive sel var samansett av ulike stilartar og påbygg i vinkel. Sett ut frå dette er det nye selet ei stor forbetring, sjølv om det blir sett opp ein vinkel som ikkje heilt samsvarar med lokal bygningstradisjon.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande selet blir fjerna og festekontrakt sletta.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Bjarne Bergheim
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten